

Hei,

Vi må berre beklage at denne attendemeldinga har latt vente på seg i så lang tid.

Vi har no saumfart rapporten vår opp mot merknaden til NVE. Vi har som NVE skriv sagt at vi ikkje har funne openbare losneområder for sørpeskred, og at undersøkingsområdet ligg utanfor fare for sørpeskred. Vi kan derimot ikkje finne i rapporten at vi har skreve at vi må ha forbehold om at det likevel kan – og det då vil oppføre seg som flom, og at flomsonene vil vere dekkande. Her er vi rett og slett feilsitert. Det verkar som NVE har tolka rapporten slik at faresonene vi har utarbeidd for flaum, også gjeld for sørpeskred, men det gjer dei altså ikkje sidan vi har konkludert med at området ligg utanfor fare for sørpeskred.

Vi kan likevel sjå at konklusjonane om at området ligg utanfor sørpeskredfare kan verke litt enkel, som NVE skriv. Skal prøve å utdjupe konklusjonen vår her. Bakgrunnen for at vi har «frikjent» planområdet for sørpeskred er grundige feltundersøkingar, analyse av terrenget, klimatiske forhold og vegetasjonsdekket i området:

- Studie av kartdata og feltundersøkingar viste at det ikkje er større forseinkingar langs dreneringsvegane i planområdet eller i lia direkte ovanfor planområde som har særleg pontesiale til å akkumulere store mengder vatn under periodar med mykje nedbør. Dreneringsganalane ovanfor planområdet er generelt godt definerte og dreneringa er vurdert som god i området. Mellom dei to bekkane/elvene, Kolstadbekken og Honna, som avgrensar planområdet i vest og aust er terrenget jamt, utan særlege forseinkingar.
- I dalsida i planområdet, der det ikkje er utbygd, og dalsida ovanfor planområdet er det tett furuskog og lauvskog opp til om lag kote +950 i aust og kote +1000 i aust. Skogen vil avgrense snømengda som akkumulerer på bakken, og samstundes avgrense at eit samanhengande snødekke vert sett i rørsle. Dette bidreg til å redusere faren for at sørpeskred vert utløyst.
- Det tørre og kalde innlasklimaet gjev at området ikkje er eit område som er særskilt utsett for sørpeskred. Områder der det er vanleg med regn gjennom vinterhalvåret, noko som ikkje er vanleg på Lesja, er vesentleg meir utsett for sørpeskred. Vi er likevel kjend med at det har gått sørpeskred i Lesja kommune, men frekvensen for desse er langt lågare enn meir utsette stader. Historikken viser at desse skreda har gått om våren under snøsmeltinga. Slik vi vurderer det har desse sørpeskreda gått i områder som er meir utsett for sørpeskred enn undersøkingsområdet på Lesja.

På bakgrunn av dette står vi ved konklusjonen får om at planområdet på Lesja ligg utanfor fare for sørpeskred. Håpar dette er oppklarande, det er berre å ta kontakt om de har fleire spørsmål.

Med vennleg helsing  
Anders Haaland  
Geolog/Prosjektkoordinator  
SGC Geofare, avd. Bergen  
Mobil: [480 38 237](tel:48038237)  
Kontor: [577 31 900](tel:57731900)



---

**Fra:** Stensby, Trond [<mailto:trond.stensby@lesja.kommune.no>]

**Sendt:** 15. desember 2016 07:51

**Til:** Synne Lindgren <[synne@sgcas.no](mailto:synne@sgcas.no)>

**Kopi:** Einar Alsaker ([einar@sgcas.no](mailto:einar@sgcas.no)) <[einar@sgcas.no](mailto:einar@sgcas.no)>

**Emne:** Rapport nr 2015-04-037 datert 02.09.2015 fra SGC GeoFare AS

SGC GeoFare AS.

I samband med arbeidet med Reguleringsplan for Lesja sentrum har vi fått ein merknad frå NVE-Region Øst:  
**«Skred**

*Ifølge gjennomført farekartlegging av skred og flom (Rapport nr 2015-04-037 datert 02.09.2015 fra*

SGC GeoFare AS) ligger den aktuelle undergangen utenfor fareområder, men vi stiller litt kritiske spørsmål til metoden for sørpeskred: Rapporten sier på den ene siden at det ikke er funnet løsneområder for sørpeskred, men samtidig at de må ha forbehold om at det likevel kan gå – og at det da vil oppføre seg som flom, og at flomsonene vil være dekkende. Dette mener vi er litt for enkelt, og er tilnærmet kartlegging på aktsomhetskartnivå. De burde svare ut hvorvidt det er reelle løsneområder for sørpeskred, og hvis så, tegne separate faresoner for sørpeskred i hht. S1, S2 og S3. Sørpe er langt mer tyktflytende enn vann og vil oppføre seg annerledes i svinger, gjennomføringer etc. Dette burde derfor vært modellert før de tegnet egne faresoner for denne skredtypen. Da ville man fått en faglig god nok utsjekk av hvilke områder som kan berøres av skred i sikkerhetsklasse S1, S2 og S3, samt hvilke tiltak som ev er nødvendig. Nye underganger, kulverter, terrengingrep og lignende kan påvirke skredbanen.»

Vi ville sett pris på å få ei oppklarande attendemelding frå SGC GeoFare AS på NVE sin merknad.

*Helsing*

*Trond Stensby*

Planleggar

Lesja kommune

[trond.stensby@lesja.kommune.no](mailto:trond.stensby@lesja.kommune.no)

Tlf.61 24 41 28 eller 911 61 458